



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1551 - 17/25120

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
06.09.2017

Oversending av søknad til uttale - gbnr 140/40 Erstad


Saka gjeld søknad om dispensasjon frå 0 einingar på Erstad i arealdelen av kommuneplanen 2011-2023 for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad på gbnr 140/40 Erstad. Det er Bjørn Rune Kvinge på vegne av heimelshavar, Andreas Scholl, som fremjar dispensasjonen.

I følgje matrikkelen er eigedomen gbnr 140/40 Erstad godkjent etablert 05.08.1994. Eigedomen ligg i område med både fritidsbustader og heilårsbustader.

Planstatus


Eigedomen ligg i område som er omfatta av arealdelen av kommuneplanen 2011-2023. Området er avsett til LNF spreidd bustadbygging, kor det kan byggjast 0 einingar på Erstad i planperioden, jf. pkt. 5.11.

Utsnitt kommuneplanen 2011-2023



Utsnitt grunnkart





Bakgrunnen for 0 einingar på Erstad

Bakgrunnen for 0 einingar på Erstad er at utbygginga er blitt så stor at det ikkje er ønskeleg med meir spredt bustadbygging her, sjå planskildringa til kommuneplanen s. 48. Generelt for ny bustadsbygging i LNF spreidd sett vert det vist til at større utbygging fører med seg utfordringar i høve trafikktryggleik til dømes for myke trafikantar. Det vert vidare vist til at antal noverande busetnadar er med på å oppretthalde busetnaden i bygdene samtidig som det ikkje går utover lanbruksdrifta i området. Samtidig vert det opna opp for at det kan gjennomførast mindre tiltak på eigedomane.

I vår sak skal det ikkje førast opp ny bustad, men ein bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad. Bruksendringa krev dispensasjon frå kravet om 0 nye einingar i perioden då endringa kan medføre økt bruk av bustaden samt økt bruk av vei, vann og avlaup. Det opprettas delvis ein ny eining i forhold til dagens situasjon. Det må såleis søkjast dispensasjon frå kravet til 0 nye einingar i planperioden.

Tilkomst

Deler av vegtilkomst ligg på 140/4. Det er opplyst at eigedomen har vegtilkomst over denne, men vegen skal leggest om. Det er lagt ved situasjonskart som viser ny vegtrase. Det er ikkje opplyst om private retter til ny vegtrase er stetta. Tilkomsten til eigedomen må skje via kommunal veg. Det er ikkje søkt om løyve til utvida bruk av avkøyrse, jf. pbl. § 27-4.

Vatn og avlaup

Det er opplyst at vann til eigedomen skal skje via privat brønn. Det er ikkje dokumentert at vatnet er hygienisk og betryggande drikkevatt, jf. pbl. § 27-1.

Det er opplyst at det skal etablerast nytt avlaupsanlegg for eigedomen. Det er ikkje søkt om løyve til etablering av avlaupsanlegg eller utsleppsløyve, jf. pbl. § 27-3. Det ligg ikkje før situasjonsplan som viser korleis vatn- og avlaup er planlagt løyst.

Andre tilhøve

Dispensasjonen er nabovarsla.

Grunngjevinga for å søkja bruksendring baserer seg på at fritidsbustaden er plassert i eit bustadområde som egner seg til fortetting til bustadføremål samt at bustaden ikkje har nokon annan verdi for tiltakshavar enn som heilårsbustad.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Grunnkart matrikkelen, gbnr 140_40
Kommuneplankart oversikt, gbnr 140_40
Kommuneplankart, gbnr 140_40
Ortofoto 2015, gbnr 140_40
Søknad om dispensasjon - gbnr 140/40 Erstad
Søknad om dispensasjon 140/40 Erstad
Vedlegg til søknad - gbnr 140/40 Erstad
A10-1 Situasjonsplan
Opplysninger gitt og kvittering for nabovarsel

Kopi til:

Andreas Scholl	Radøyvegen 368	5938	SÆBØVÅGEN
Bjørn Rune Kvinge	Kvingebakkevegen	5981	MASFJORDNES
	97		

Teknisk drift

Mottakarar:

Atle Dingen			
Bjørn Rune Kvinge	Kvingebakkevegen	5981	MASFJORDNES
	97		
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Planavdelinga			

Mottakarar:
Rune Kilen